



Lærer og klokkar Kristian Flügel

tokt avskil våren 1951 og flytta då frå Lenvik til Indyr i Gildeskål. Der heldt han på å byggja seg ein ny heim då han blei sjuk og døde hausten 1953. Etter eige ønske ble han gravlagt i Lenvik der han i omlag 30 år hadde arbeid i skole og kyrkje.

Gravferda den 18. desember 1953 ble ei stor høgtidsstund. Lenvik hovudkyrkje var pynta. Storparten av dei vaksne i Bukkskinn skolekrins, lærarane i Lenvik og mykje bygdefolk ellerst var møtt fram.

Før talen song sørgeskaren «Kall meg o Herre bort herfra», og lærar Haugjord song klart og varmt «Siste reis» medan lærar Rolf Nilsen spela.

Prost Høydahl som hadde arbeid saman med Flügel i mange år, heldt ein gripande tale ut frå orda: «Arbeid før natta kjem». Desse orda høvde så godt på Flügel. Han sette ovstore krav til seg sjølv når det gjaldt arbeid og plikttruskap og han greidde det utrulege. I ein mannsalder hadde han lagt ned eit sers stort og oppofrande arbeid, først og fremst i skole og kyrkje, men også ellers på mange område. Han trassa alltid motbør både på land og sjø og no hadde han funne inn til den trygge hamna i Gud vår frelsar.

Salma «Vår siste seng me reider» ble sunge, og så tok kranspålegginga til. Det var ei mengd med kransar. Prost Høydahl la ein krans på kista frå elevar og foreldre på Bunnjord og Bukkskinn med takk for alt det Flügel hadde vore for dei. Fru Flügel la ned ein krans frå seg sjølv og takka hjarteleg for samlivet og for den frelsa som mannen hennar var gått inn til. Lærer Haugjord la ned ein krans frå born, barnebarn og seg sjølv, og fru Brorstad la ned krans frå seg og sine. Skoleinspektør Nilssen la ned ein krans frå Lenvik kommune og takka for det store og fortienstfulle arbeidet Flügel hadde utført i skole og kyrkje og i styrer og utval. Han la og ned ein krans frå «Troms fylkes vikarkasse for lærere» der Flügel hadde vore styremedlem og formann i mange år. Dessuten la han ned ein krans frå seg sjølv og huslyden og takka for det Flügel hadde vore for han personleg.

Ordfører og stortingsmann Bjarne Solli la ned ein krans frå elevar og foreldre i Sollidal og ein frå seg og huslyden sin. Han var glad over å ha vore Flügel sin elev, og ville alltid minnest han som lærar og menneske. Lærarinne fru Hanna Berg Angell la ned krans frå Lenvik Lærarlag der Flügel hadde vore formann i mange år. Han hadde alltid vore som ein far for yngre lærarar, og under krigen var han det faste, merke for stø kurs i heilnorsk leid. Lærer Thoralf Jakobsen la ned krans frå «Tromsø krets av Norges lærerlag» der Flügel hadde vore styremedlem i mange år. Einar Killie la ned krans frå seg og huslyden og mintes at han var ein av dei første elevane til Flügel, og lærar Mortensen la ned krans frå seg og sine med takk for kollegialt samarbeid.

Lærer Haugjord (svigeron) song «Leid milde ljøs» og ved grava song sorgeskaren «Å tenk når en gang samles skal».

No kviler Flügel ved sida av sonen sin på kyrkjegarden ved Lenvik hovedkyrkje. Men alle som kjente han vil alltid hugse han som ein levande kjær ven, og som eit godt og strevsamt menneske.

Ein ven.